



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

Stranda kommune
Øyna 13
6200 STRANDA

Vår dato: 30.08.2024
Vår ref.: 201902087-18 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 20/13-86

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE trekker motsegn til detaljregulering for Fausadalen hyttefelt i Stranda kommune

Vi viser til brev datert 01.08.2024. Saka gjeld andre gongs offentleg ettersyn av framlegg til detaljregulering for Fausadalen hyttefelt i Stranda kommune. NVE hadde motsegn til planframlegget som vart oppretthalde i brev datert 17.11.2023. I brev frå plankonsulenten datert 24.04.2024 er det gjort greie for kva endringar i som er gjort i plandokumenta som skal svare ut våre merknader.

NVE trekker motsegn til detaljregulering for Fausadalen hyttefelt knytt til manglande innarbeiding av fare for skred og flaum i plandokumenta.

Om motsegna

NVE fremja motsegn til første gongs offentleg ettersyn av framlegg til detaljregulering for Fausadalen hyttefelt i brev datert 31.01.2022. Grunnlaget for motsegna var manglande vurdering av reell fare for flaum og erosjon, og mangelfulle føresegner knytt til kartlagt fareområde for skred.

NVE opprettheldt motsegn til planen ved andre gongs offentleg ettersyn i brev datert 17.11.2023 sidan våre merknader ikkje vart tilfredsstillande svarta ut.

NVE sine vurderingar av revidert planframlegg

Flaum, erosjon og overvatn

I siste revisjon av planframlegget er plankartet endra. Det er regulert omsynssone flaumfare H320 som samsvarar med kartlagt flaumfare for 200-års flaum med klimapåslag i Norconsult sitt notat datert 06.10.2022. I framlegg til reviderte føresegner § 8.2 kjem det fram kva gjentaksintervall omsynssone flaumfare representerer, og det er ikkje opna for nye tiltak før det er dokumentert tilstrekkeleg tryggleik mot flaum i samsvar med krava i byggt teknisk forskrift (TEK17).



I revidert planframlegg er også arealbruken endra frå byggeområde til naturområde, for fleire tomter som tidlegare låg i myr- og våtmarksområde og i kartlagt fareområde for flaum. Så langt vi kan sjå i revidert planframlegg, er det ikkje opna for nye utbyggingsområde innanfor omsynssone flaumfare, men det er nokre eksisterande tomter i omsynsona. Føresegnene til planen sikrar at det vert tatt omsyn til flaumfare for eventuelle framtidige tiltak på desse tomtane.

Måten kartlagt flaumfare er framstilt på i siste planframlegg, gir planen til eit betre verktøy for å sikre at det ikkje vert gjennomført tiltak utan naudsynt avklaring av kartlagt fare. Planen legg heller ikkje lenger til rette for tiltak som krev meir avklaring i høve til konsekvensar for andre område, jf. TEK17 § 7-1 andre ledd. Vi vurderer at grunnlaget for NVE si motsegn ikkje lenger er til stades. **NVE trekker motsegn til detaljregulering for Fausadalen hyttefelt knytt til manglande avklaring av flaum og erosjon, med føresetnad om at siste revisjon vert lagt til grunn for planvedtak.**

Skredfare i bratt terreng

I revidert planframlegg er føresegnene § 8.1 endra til tekst som er i samsvar med vår rettleiing. Føresegna sikrar at det ikkje kan gjerast tiltak i kartlagt fareområde før det er dokumentert tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-3. NVE vurderer at grunnlaget for motsegna knytt til føresegnene og kartlagt skredfare er felle bort med framlegg til reviderte føresegner sist endra 19.04.2024. **NVE trekker motsegn til detaljregulering for Fausadalen hyttefelt knytt til mangelfulle føresegner for omsynssone skredfare H310, med føresetnad om at siste revisjon vert lagt til grunn for planvedtak.**

Vi gjer merksam på at det ikkje er samsvar mellom teksten i følgebrevet frå plankonsulenten og siste versjon av framlegg til føresegner. Sjølv om følgebrevet ikkje vil vere juridisk bindande, er det uheldig at dei ulike plandokumenta ikkje gir eintydig informasjon.

Vassdragsmiljø

I siste revisjon av framlegg til plankart, er fleire av vassdragslementa i planområdet regulert med arealføremålet Bruk og vern av sjø og vassdrag med underføremål Naturområde. Tilhøyrande føresegn § 7.1 sikrar at det ikkje kan gjerast inngrep i eller ved vassdrag utover kryssing med bru for regulerte skiløyper. NVE er nøgd med endringane som er gjort i plandokumenta, og føreset at krav om vegetasjon i grøntområda sikrar kantvegetasjon langs vassdrag i samsvar med krava i vassressurslova § 11.

Med helsing



Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Stranda kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune